

RESTANSELISTE VEDTAK REGIONRÅDET 2019 -2020

SAK	NAMN	VEDTAK	ANSVAR	STATUS
2-19	KULTURTRADISJONAR, SPRÅK OG STYRKING AV DIALEKTBRUK	<p>Regionrådet for Hallingdal ber rådmannsutvalet om å utarbeide ein finansieringsmodell for kulturarvtilbod som dans, song og musikk, der deltakarar frå alle kommunane i Hallingdal er invitert.</p> <p>Dette blir ivarettatt gjennom sponsorordninga – Hkn.</p> <p>3.b Regionrådet oppmodar rådmannsutvalet om at det blir sett ned ei arbeidsgruppe som ser på vidareutvikling av dialektleiren til også å omfatte andre kulturarvtilbod som dans, song og musikk etter 2019.</p> <p>Ingen respons på søknad til Kulturdepartementet. Saka er drøfta med oppveksleirane, og Regionrådet vel å ikkje gå vidare med saka.</p>	R.utval	
6-19	KOMMUNAL FIBER, FRAMTIDIG EIGARSKAP	<p>Regionrådet for Hallingdal rår til at Hallingdal kraftnett og Hemsedal energi overtek kommunalt eigd fiber i Hallingdal</p> <p>Dagleg leiar tek kontakt med Hallingdal Kraftnett for å drøfte vidare saksgang</p>	R.rådet	
19-19	INNkjøpsSTRATEGI, KOMMUNANE I HALLINGDAL	<p>Saka blir sendt til Rådmannsutvalet for vidare vurdering, før saka blir handsama i Regionrådet 28.juni 2019</p> <p>Innkjøpsstrategi er utarbeid og vedtatt i Ål og Hol. Dei andre kommunane kan henge seg på dette. Rådmannsutvalet drøftar vidare innkjøpssamarbeid kommunane imellom.</p>	R.utval	
35-19	VIDAREFØRING/UTVIKLING UNGT ENTREPRENØRSKAP HALLINGDAL	<p>4.Regionrådet for Hallingdal oppmodar kommunane i Hallingdal til å vera med på finansiering av Ungt Entreprenørskap i Hallingdal med eit samla årleg tilskot på kr. 300.000, gjeldande frå skuleåret 2020/2021. Tilskot blir rekna ut frå Regionrådet sin fordelingsnøkkel, 30% etter deltakarar og 70% etter folketal, 1.1 budsjettåret</p> <p>Dagleg leiar sender ei påminning til rådmennene på utbetaling + fordeling Kontaktar bankane (som sponsor) for å klargjera dette.</p>	R.rådet	

38-19	TANNHELSETENESTA I HALLINGDAL	<p>Regionrådet for Hallingdal ser det som viktig at klinikkstrukturen for tannhelsetenesta i Hallingdal ligg fast og at det blir arbeid aktivt i forhold til rekruttering av tannlegar. Regionrådet for Hallingdal ynskjer dialog med tannhelsetenesta i Buskerud for å sikre framtidssrette løysingar for heile Hallingdal, og gjer gjerne ein innsats med tanke på rekruttering av tannhelsepersonell både på kort og lang sikt.</p> <p>Uløyst!</p>	Dgl.leiar	
50-19	BARNEHUS HALLINGDAL, VIDARE ARBEID	<p>Oppvekstleiarforum støttar Regionrådet i Hallingdal sitt arbeid med å få avd. barnehus til Hallingdal og har i brev datert 23.9 gjeve ei uttale/innspel til Regionrådet. Brev frå Regionrådet der det bli synt til brev frå oppvekstleiarforum blir sendt til justisdepartementet ved stasråd.</p> <p>Før brev blir sendt skal det avklarast ev. møte med barnehuset i Sandefjord</p> <p>Det har vore kontakt med barnehuset i Sandefjord. Me ventar på ein evalueringsrapport som skal vera klar før nyttår. Saka kjem opp att så snart denne rapporten ligg føre.</p>	R.råd	
65-19	Felles praksis for støtte i forhold til t.d. kulturføremål	<p>Regionrådet ber rådmannsutvalet gjera ei vurdering av event. felles praksis overfor regionale lag og organisasjonar, i samband med driftsstøtte og «vertskommuneansvar».</p> <p>Dette blir ivaretatt gjennom sponsorordninga – Hkn.</p>	R.utval	
69-19	Styrking av fastlegeordninga	<p>Regionrådet for Hallingdal ber rådmannsutvalet følgje opp intensjonane med HALLIS og innspel frå Ståle Onsgård Sagabråten. Regionrådet ber om å bli orientert om vidare arbeid.</p> <p>Daglig leiar tar kontakt med Geir Strømmen som vil orientere om dette på neste møte</p>	R.utval	
69-19	Fiskerådgjevar	<p>Dagleg leiar førebur sak om eventuell felles fiskerådgjevar for Hallingdal etter nærare avklaringar med fylkesmannen</p> <p>Ikkje prioritert. Saka er avslutta!</p>	Dgl.leiar	

04-20	FORSIKRING, SAMARBEID FØREBYGGJANDE ARBEID	<p>Regionrådet for Hallingdal rår til at 15% av kundeutbytte frå forsikringsavtale mellom kommunane i Hallingdal og Gjensidige Hallingdal frå føregåande år (2020 – 2024), blir disponert av felles forsikringsutval, til arbeid med haldningsskapande og skadeførebyggjande arbeid.</p> <p>Her må det lagast sak i kvar kommune.</p>	R.råd	
33-20	DISTRIKTMUSIKAR- STILLING, ORIENTERING	<p>Regionrådet for Hallingdal vil vera med å ta ansvar for å opprette eit tilbod om undervisning i folkesong, -spel og -dans for unge i Hallingdal, i regi av kulturskulen, men og gjennom Den kulturelle skulesekken i skule og barnehage. På den måten blir tilbodet breitt nok til å sikre at vår lokale folkedans og -musikk blir kjent for nye generasjonar. Kommunane i Hallingdal vil gå inn i eit samarbeid med fylke og andre relevante samarbeidspartnarar og støttespelarar, for å legge til rette for føreseielege og langsiktige løysingar.</p> <p>Saka er avslutta!</p>	R.råd	
05-20	FORLIKSRÅD HALLINGDAL	<p>Hallingtinget vil rå kommunane i Hallingdal til å gjera slikt vedtak:</p> <p>Saka er til handsaming i kvar kommune!</p>	R.råd	